

# Årsplan 2023-24



Osterøy gårds  
og friluftsbarnehage AS

«Trivsel, utfordringar og godt miljø»

## Innhald

<b>1. Innleiing til årsplan .....</b>	2
Kort om oss.....	2
<b>2. Leik, utforsking og livesmeistring som grunnlag for livslang læring .....</b>	4
2.1 Grunnlag for livslang læring .....	4
2.2 God omsorg og autoritativ vaksenrolle .....	5
2.3 Medverknad i leik og pedagogisk innhald .....	5
2.4 Leik er sjølve livet .....	6
2.5 Utforskande pedagogikk som grunnprinsipp .....	6
2.6 Livesmeisting - å meistra livet slik det er.....	6
2.7 Strategi for å hindra utanforskap og krenking .....	7
2.8 Språket - viktig for barnet no og i framtida .....	8
2.9 Gode overgangar - frå det kjente til ukjente .....	8
<b>3. Planlegga ut frå pedagogisk dokumentasjon.....</b>	9
<b>4. Kalender 2023-2024.....</b>	12
<b>5. VÅRE SATSINGSOMRÅDE.....</b>	10



## 1. Innleiing til årsplan

**Barnehagelova og Rammeplanen for barnehagar (2017)** ligg til grunn for alt arbeidet i barnehagane.

**Kvalitetsutviklingsplan for Osterøy-barnehagane 2023-2026** tek for seg status og utfordringar i samfunnet og i barnehagesektoren, og med utgangspunkt i desse utfordringane beskriv planen våre lokale tilpassingar til rammeplanen.

Denne årsplanen beskriv korleis me i vår barnehage skal arbeida med kvalitetsutvikling inneverande barnehageår for å nå målsettingane for Osterøy-barnehagane.

Årsplanen har fleire funksjonar. Den skal vera eit arbeidsdokument for oss og den skal vera til informasjon til foreldre, politikarane og andre samarbeidspartnarar.

Barnehagen vil i tillegg utarbeida planar for kortare tidsrom, tilpassa kvar barnegruppe i barnehagen. Periodeplanane er utarbeidd av personalet på avdeling og vert sendt ut til foreldre fortløpende.

## Kort om oss

Osterøy Gårds og Friluftsbarnehage held til på ein gard i naturen på Vevle, om lag midt mellom Lonevåg, Valestrand og Haus. Me har for tida to grisar, høns, kaninar og marsvin. Det kan variera kva for dyr me til ei kvar tid har. Hovudfokuset vårt er garden, dyra og eit aktivt friluftsliv i naturen rundt oss. Me har og ein stor Lavvo som me brukar mykje. Me har frukttrær og bærbusker og dyrkar litt poteter og andre vekstar saman med barna.

Adressa vår er: Vevlevegen 213, 5281 Valestrandsfossen

Våre avdelingar er: Ekornbarna (1 – 3 år) og Hakkespett (3 – 6 år)

Me følgjer pedagog- og bemanningsnorma for barnehagar og har eit engasjert og kompetent personale, med to pedagogar på kvar avdeling og høg del tilsette med fagbrev. Me tar imot lærlingar, og studentar i praksis. Me har god kompetanse på utviklings og endringsarbeid, vegleiring og barns språkutvikling.

Våre tilsette har interesse for- og kunnskap om gard og friluftsliv.

Eigarar: Eli Hovden Raknes og Tommy Lohne

Styrar: Arny-Sissel Myking Horsås

Kontaktinfo styrar: tlf. 56394557, mobil 97045679. e-post [arny@friluftsbarnehage.no](mailto:arny@friluftsbarnehage.no)

Barnehagen sin e-post: [osteroy@friluftsbarnehage.no](mailto:osteroy@friluftsbarnehage.no) Web-sida: [www.friluftsbarnehage.no](http://www.friluftsbarnehage.no)

### Hovudmål for garden:

- Borna skal få oppleva glede og meistring gjennom omsorg for- og stell av dyra våre.
- Borna skal få kjennskap til korleis ein kan dyrka og bruka eigenprodusert mat, frå jord til bord.

### Hovudmål for friluftsliv:

- Borna skal få oppleva glede og meistring ved å leika og boltra seg i skog og mark.
- Borna skal få utforska og få kjennskap til dyr, fuglar, insekt og plantar som finst i nærmiljøet.
- Borna skal få utforska og få kjennskap til korleis våre handlingar påverkar naturen.

**Les meir under våre satsingsområde, side 10**

## Verdigrunnlag og visjon

Alle barn fortener eit trygt og godt barnehagertilbod. Me arbeider for å ta vare på det beste i barnehagetradisjonen og samstundes vidareutvikla oss for å gjere barnehagane enno betre. I samsvar med sentrale føringar nasjonalt og lokalt, ynskjer me:

- å sikra likeverdig og høg kvalitet i barnehagen
- å styrkja barnehagen som læringsarena
- at alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap.

Barnehagen sitt personale og deira kompetanse er den viktigaste ressursen og ein føresetnad for at barnehagen skal vera ein god arena for omsorg, danning, leik og læring.

- Me har i samarbeid med dei andre barnehagane i Osterøy bidratt aktivt til utarbeiding av Kvalitetsutviklingsplan for Osterøy-barnehagane
- Me har gjennom fleire år jobba med kompetanseutvikling og den autoritative vaksenstilen. Det betyr at heile personalet vårt skal vera tydelege og varme i møte med barna.
- Me har stort fokus på språk og språkutvikling, m.a. ved bruk av Språkløyper <https://sprakloyper.uis.no/barnehage/>
- bruk av Alternativ, supplerande kommunikasjon (ASK) [www.statped.no/ask/](http://www.statped.no/ask/)
- litt teikn til tale, m.a. i songar

**Vår visjon:** TRIVSEL, UTFORDRINGAR OG GODT MILJØ

**Viktige ord for oss:** anerkjenning, respekt, raus, trygg, omsorg.

**Hovudmål:** Alle borna skal bli sett og høyrt og få moglegheit til å utvikla vennskap med andre.






## 2. Leik, utforskning og livsmeistring som grunnlag for livslang læring

**Kvar dag er viktig i barnet sitt liv, og livet i barnehagen har både eit her-og-no-perspektiv og eit framtidsperspektiv. Barnehagen skal skapa gode dagar for barna og vi ønskjer å styrka barna slik at dei i framtida kan skapa seg eit godt liv, både personleg og som samfunnsborgar. Her kan du lesa kva vår barnehage vektlegg barnehageåret 2023-2024 for å skapa eit godt barnehagetilbod til barna våre.**

### 2.1 Grunnlag for livslang læring

Når barnet er aktivt deltagande og opplever at sine bidrag er verdifulle kan det føra til styrking av viktige og positive eigenskapar hjå barnet. Vi skal koma meir inn på dette, men alt handlar om at barnet skal aktivt delta i prosessane der ein brukar kroppen, leikar eller utforskar saman med andre, og at dette vil føra til positive synergieeffektar for barnet.

Sjå figur 1, som beskriv Osterøy-barnehagane si satsing på leik, utforskning og livsmeistring.



FIGUR 1. GRUNNLAG FOR LIVSLANG LÆRING (OSTERØY-BARNEHAGANE, 2023)



## 2.2 God omsorg og autoritativ vaksenrolle

Å bli møtt med velvilje og varme og tydelege forventingar gjer det trygt å vera barn i barnehagen og skapar gode rammar for barnet si utvikling. For å sikra kvaliteten i møtet mellom barn-tilsett i barnehagen, er målsettinga at alle tilsette utøver er det vi kallar ein autoritativ vaksenstil. Det betyr at barnet møter tilsette som utøver yrket med ein dynamisk kombinasjon av varm relasjonsbygging til barna, og utøving av ein tydeleg vaksenstil når det gjeld å setja krav og grenser.

### Målsetting for perioden 2023-2026:

**Tilsette i Osterøy-barnehagane byggjer gode relasjonar gjennom å møta alle barn med varme og tydelege forventingar**

**For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2023-2024 vektleggja:**

- Eit personale som er aktive, trygge og til stades for barna.
- Eit personale med tydelege vaksne som har tru på og tillit til barna.
- Eit personale som veit at det alltid er den vaksne sitt ansvar at kvaliteten på relasjonen er god.

## 2.3 Medverknad i leik og pedagogisk innhald

Medverknad i utvikling av leik og tema-arbeid skjer når vi tek utgangspunkt i barna sine interesser, engasjement eller kva dei er nysgjerrige på. Om leiken eller temaet stagnerer kan barn og tilsette tilføra nye moment for å utvida leiken eller driva temaet vidare.

Når vi tek utgangspunkt i det barna allereie kan og byggjer vidare på denne kunnskapen, vil barna stadig få ein progresjon i si kunnskapsutvikling og dei skapar ny kunnskap saman med andre.

Når eit barn opplever seg sjølv som aktiv, medverkande deltakar i desse prosessane vil barnet oppleva å vera ein medborgar som har ein viktig plass i fellesskapet. Dette er også ein form for demokratiutøving, barnet sitt første møte med å ha ei stemme i fellesskapet.

### Målsetting for perioden 2023-2026:

**Barnet opplever at det har verdifulle bidrag i leik, utforsking og problemløysing**

**For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2023-2024 vektleggja:**

- Å bruka observasjon som verktøy.
- Å bruka barnas interesser og innspel som utgangspunkt for det pedagogiske arbeidet.
- Att det fysiske miljøet speglar barnas interesser og medverknad ut frå alder.

## 2.4 Leik er sjølve livet

Å vera saman med gode vener og oppleva at andre har lyst å leika saman med deg er motiverande og gøy. For kvart enkeltbarn er det ei heil reise å læra seg å leika, heilt frå då dei som små spring ved sida av kvarandre og har det gøy, til ein avansert rollelek når barna er blitt større.

På heile denne reisa vil tilsette støtta barna i leikeutviklinga, dei vil støtta barna i å løysa utfordringar som oppstår og stimulera til utvikling av leiken. Dei fysiske romma, kva leikemateriale ein har framme og korleis det vert presentert har også mykje å seia for leiken og samspelet mellom barna.

**Målsetting for perioden 2023-2026:**

### Osterøy-barnehagane har leikesterke barn og leikekloke tilsette

**For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2023-2024 vektleggja:**

- Å prioritera tid, plass og rom for leik i kvardagen.
- Å skapa møtepunkt som byggjer på barnas interesser.
- Tilsette som har respekt for og kunnskap om leikens eigenverdi.

## 2.5 Utforskande pedagogikk som grunnprinsipp

I ein utforskande pedagogikk skal barna bidra med assosiasjonar og erfaringar i problemløysingsprosessar og utforsking. Barna vert oppfordra til å tenkja sjølv, vera kreativ og koma med nye innspel og dei har ein reell medverknad i prosessane. Vi har ei målsetting om at barn som er aktive deltagarar på denne måten vil oppleva meistring og styrka eigenskapar som er viktige for framtidig læring i skulen og livet elles.

Målsetting for perioden 2023-2026:

### Barna i Osterøy-barnehagane får gjennom utforsking eit godt grunnlag for livslang læring

**For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2023-2024 vektleggja:**

- At barna får vera aktivt deltagande i å skapa ny mening og kunnskap saman med andre.
- Eit personale som aktivt støttar og legg til rette for nysgjerrigkeit og undring.
- Eit personale som legg til rette for at barna vert trygge og tør å vera ærlege om eigne tankar og refleksjonar.

## 2.6 Livsmeistring - å meistra livet slik det er

Livsmestring handlar om å øva seg på å meistra livet slik det er, øva seg på å handtera utfordringar i lag med andre, og få hjelpe og emosjonell støtte til det av foreldre og tilsette i barnehagen. Å øva seg i trygge rammer er viktig for at barna skal oppleva å bli robuste.

For å bidra til at barna får ei god fysisk og psykisk helse vil vi stimulera til at barna utfordrar si komfortsone og at dei brukar kroppen aktivt. Å oppleva meistring vert svært viktig i denne samanhengen.

Gode kosthaldsvanar vert danna tidleg. Barnehagen vil skapa gode måltidssituasjonar og ha ein pedagogisk tilnærming til å utforska ulike smakar og konsistensar.



## 1. Barna i Osterøy-barnehagane vert robuste gjennom å øva seg på å takla motgang i eit trygt miljø

**For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2023-2024 vektleggja:**

- Å bruka naturen som arena for å skapa meistring og glede for alle barna.
- Å leggja til rette for at alle barna skal klara mest mogleg sjølv.
- Eit personale som viser haldningars som speglar respekt, anerkjenning, rausheit og tolmod med kvarandre.

## 2. Barna i Osterøy-barnehagane skal oppleve eit rikt miljø som stimulerer til meistringsopplevelingar

**For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2023-2024 vektleggja:**

- Å leggja til rette for å bruka naturen aktivt som leikearena.
- Eit personale som varetar barnas behov for spenning og risiko, i trygge rammer.
- Eit personale som skaper eit miljø der ein samarbeider, hjelper og viser omsorg for kvarandre og dyra våre.

## 3. Osterøy-barnehagane skapar gode måltidssituasjonar og bidreg til at barna får matglede

**For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2023-2024 vektleggja:**

- Å leggja til rette for barns medverknad og samarbeid i førebuing av måltid.
- Å leggja til rette for medverknad og meistring i måltidet.
- Å ha gode samtalar rundt bordet, på barnas premissar og ut frå deira innspel og interesser.

## 2.7 Strategi for å hindra utanforskning og krenking

Gjennom vår satsing på leik, utforsking og livsmeistring arbeidar vi aktivt for å sikra gode, felles opplevelingar i barnegruppene og at kvart barn skal oppleva å høyra til og få ei god tilknyting til andre barn og til dei tilsette. Å kjenna at ein høyrer til har ei god emosjonell forankring og er meir enn å berre bli inkludert. Vi ser på dette som det viktigaste førebyggande arbeidet for å hindra utanforskning og krenking.

Barnehagelova kapittel 8 set krav til det psykososiale barnehagemiljøet, med nulltoleranse for krenking av barn, krav til å følgja med korleis barna har det, krav til å mælda frå, undersøkja og setja inn tiltak på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering. Å bli utestengt frå leik er alvorleg for barnet og forsking viser at tilsette i barnehagen også kan krenka barn. Osterøy-barnehagane har eigne rutinar for å handtera dette.

### Målsetting for perioden 2023-2026:

#### Barna i Osterøy-barnehagane har eit trygt og godt barnehagemiljø

**For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2023-2024 vektleggja:**

- Å anerkjenna og møta kvart enkelt barn på følelsane deira.
- Eit personale som bidrar til å skapa tilhøyrslje og vennskap i fellesskapet.
- Eit personale som tar ansvar for å førebyggja mobbing, utestenging og krenkande åtferd.

## 2.8 Språket - viktig for barnet no og i framtida



Osterøy gårds  
og friluftsbarnehage AS

Den daglege samtalen i leik, i samlingsstunda, ved måltida, i garderoben, i sandkassen eller på dissa er svært viktige arenaer for barna å læra eit rikt talespråk. Dei får utvida ordforrådet, får konkrete erfaringar med omgrep, øva på turtaking i samtalar og lytta til kvarandre. Tilsette må kunna føre samtalen vidare, tilføra nye ord, ikkje forenkla språket for mykje og snakka med borna så mykje som mogeleg gjennom dagen.

Barn med språkvanskar eller eit svakt utvikla språk, strevar også på andre område, sidan svært mange av dagleglivets aktivitetar er avhengig av språket. Det er viktig for barna at vi arbeider systematisk med språk for å skapa engasjement, fellesskap og språkutvikling hjå barna.

Osterøy kommune har ein felles overordna *Språkplan for barnehage og grunnskule i Osterøy kommune* (2020). For ytterlegare kompetanseheving på språk og språkutvikling, sjå kompetansepakka [språkløyper](#).

## Målsetting for perioden 2023-2026:

**Barna utviklar språkforståing og ordforråd gjennom systematisk arbeid med innhold, bruk og form**

**For å oppnå dette vil barnehagen vår i 2023-2024 vektleggja:**

- Musikk, song, dans, dikt, rim, regler, teljing, rytme, rørsle, lyd.
  - Lesing/munnlege forteljingar kvar dag, med støtte av konkretar, bilde og teikn.
  - Eit personale som aktivt og bevisst brukar språket saman med barna i alle situasjonar gjennom dagen.

## 2.3 Gode overgangar - frå det kjente til ukjente

Overgangar er store omveltingar for barna og krev førebuing. Hjå oss er det tre store overgangar gjennom tida i barnehagen. Me anerkjenner at desse overgangane er særstakt viktige og legg til rette for at dei skal gå så bra som mogleg, både for barn og foreldre. Me er i ein evalueringsprosess på dei ulike overgangane, der fokus siste åra har vore mest knytt opp mot tilvenning for nye barn. Framover vil fokus i større grad omfatta overgangar mellom gruppene i barnehagen, og endringar vil verta tatt i bruk fortløpende.

- Tilvenning – frå heim til barnehage
  - Overgang frå Ekornbarn til Hakkespettgruppe
  - Overgang til skule /sfo



### 3. Planleggja ut frå pedagogisk dokumentasjon

Pedagogisk dokumentasjon er eit arbeidsreiskap som skal gjera det pedagogiske arbeidet synleg og opna opp for tolking, dialog, diskusjon og innsikt i eigen praksis. Pedagogisk dokumentasjon kan koma til syne gjennom til eksempel bilde, praksisfortellingar, utsegn eller observasjon mm. som er skriftleggjort.

Når ein skal planleggja med utgangspunkt i pedagogisk dokumentasjon er det viktig å ta utgangspunkt i, og støtta seg til det arbeidet ein allereie har gjort. Vidare må det vera ein open og reflekterande dialog mellom vaksne og barn som byggjer på pedagogisk dokumentasjon. Hensikta med pedagogisk dokumentasjon er å vidareutvikla personalets syn på barn, læring og kunnskap, og få barnet si stemme med vidare i planlegging av pedagogisk arbeid. Pedagogisk dokumentasjon skal liggja til grunn for evaluering og ny planlegging.

#### Barnehagen som pedagogisk verksemد

Barnehagen si pedagogiske verksemd vert planlagt, dokumentert, vurdert og vidareutvikla i ein kontinuerleg prosess. Gjennomføring av planane er fleksible, med rom for spontanitet og medverknad frå born og foreldre. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gje borna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vera ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vera grunngjeve i barnehagelova og rammeplanen.

#### Planlegging, dokumentasjon og vurdering


Barnehagen har 6 planleggingsdagar gjennom året. I tillegg har me personalmøte, pedagogmøte og gruppemøte. Denne tida vert brukt til refleksjon, evaluering og planlegging av tema og periodeplanar for gruppene. Observasjonar, spontane og planlagde Barnesamtalar, utviklingsamtalar med foreldre, foreldremøte, brukarundersøkingar og innspel frå FAU/SU er ein del av grunnlaget for planlegginga.

Barnehagen dokumenterer gjennom dagtavler, periodeplanar, månadsbrev, bilde til vegg, til foreldregruppe på Facebook og til Instagram. Pedagogisk dokumentasjon inneheld refleksjon over handling, og her kan både bilde, praksisforteljingar og observasjon brukast som grunnlag i gruppemøte, pedagogmøte og personalmøte.

Vurdering av praksis legg grunnlaget for vidare arbeid i barnehagen. Barnets beste står i fokus i alle endringar me gjer, og vurdering av behova barna til ei kvar tid har er i stor grad med og påverkar kvardagen i barnehagen. Observasjonar samt spontane og planlagde Barnesamtalar åleine eller i gruppe er med og styrer korleis fokus utviklar seg i leikemiljøet og i temaet for perioden. Innspel frå foreldra kjem gjennom spontane, kvardagslege foreldresamtalar, via planlagde utviklingssamtalar, i foreldreundersøkingar og gjennom FAU/SU.

#### Samarbeid mellom barnehagen og heimen

Barnehagen ynskjer å skapa eit tillitsfullt og godt samarbeidsklima mellom heim og barnehage. Barnehagen og dei føresette må ha gjensidig respekt og forståing for kvarandre og kvardagen til barna. Kontakten mellom dei føresette og personalet i bringe/hentesituasjonen er ein viktig grunnpilar, i tillegg til avtalte samtalar og møter





## 5. SATSINGSMÅL

### GARD, NATUR OG FRILUFTSLIV

Gjennom fokus på gard, natur og friluftsliv ynskjer me å ha ekstra fokus på miljø. Garden har ulike dyr, og gjennom omsorg for, og stell av dyra lærer borna om kva behov dei ulike dyra har og kva me må gjera for å ta vare på dei. Me har frukttrær og bærbusker, og me sår og haustar poteter og grønsaker. Gjennom deltaking i dette arbeidet ynskjer me at borna skal få ei byrjande forståing av kva som krevst for å produsera mat. Borna skal få oppleva glede ved å oppdaga at dei kan eta det dei har vore med og sådd. Berekraftig utvikling er naturleg å trekkja fram ved at ein har fokus på å dyrka på naturleg måte, utan bruk av kjemiske hjelpemiddlar. Me ynskjer å unngå å forsøpla naturen og tar med oss søppel tilbake til barnehagen for å kasta det i rett konteinar.

Barnehagen ligg midt i naturen, og me brukar nærområdet dagleg. Me ynskjer at alle skal oppleva glede ved å vera ute i skog og mark, uansett ver. Leik og læring heng saman, og me brukar naturen til begge delar.

Gjennom å aktivt ta i bruk naturen som læringsarena, kjem me innom alle område i Rammeplanen.

Berekraftig utvikling, samt livsmeistring og helse er to område det er naturleg å trekkja fram. Berekraft handlar m.a. om å ta vare på oss sjølve, kvarandre og jorda vår, på ulike plan. Livsmeistring handlar m.a. om at me skal vera med og skapa trygge, robuste barn som opplever ei kjensle av at dei har ein eigenverdi.

Barnehagen skal vera helsefremjande og førebyggjande, både psykisk og fysisk, og jobba aktivt mot mobbing og krenking. Dersom eit barn opplever å verta krenka eller mobba skal barnehagen handtera og stoppa det, og følgja det opp.

Personalelet må vera utforskande, undrande og spørjande saman med borna, og dei må visa genuin interesse for det borna er opptatt av. Like eins må personalelet leggja til rette for, tilføra nytt, og ta vare på vennskap og gode relasjoner som utviklar seg i leiken. Borna skal få støtte til å meistra motgang og handtera utfordringar. Både arbeidet med dyra våre og å ferdast i naturen er gode arenaer for å utvikla sosial kompetanse.

### HOVUDMÅL:

#### Gardsdrift:

- Borna skal få oppleva glede og meistring gjennom omsorg for- og stell av dyra våre.
- Borna skal få kjennskap til korleis ein kan dyrka og bruka eigenprodusert mat, frå jord til bord.

#### Delmål:

- få kjennskap til dyra og kva behov dei har
- få mulighet til å kjenna seg trygge saman med dyra våre
- få kjennskap til korleis ein kan dyrka mat



#### Natur og friluftsliv:

- skal få oppleva glede og meistring ved å leika og boltra seg i skog og mark.
- Borna skal få utforska og få kjennskap til dyr, fuglar, insekt og plantar som finst i nærmiljøet.
- Borna skal få utforska og få kjennskap til korleis våre handlingar påverkar naturen.

## **Delmål:**

- utforska, utvikla og beherska grunnleggjande motoriske ferdigheiter
- utforska og få kjennskap til dyr og plantar i nærmiljøet
- utforska og få kjennskap til korleis våre handlingar påverkar naturen
- ta naturen i bruk som boltrepass i leik og aktivitetar
- fokus på bærekraftig miljø

**Tiltak for å nå måla:** Tiltak vert tilpassa dei ulike aldersgruppene

- borna får gradvis tilvenning til å vera ute og å ferdast i naturen
- følgja årstidene og få erfaringar med alle typar vær og endringar i naturen
- leggja til rette for leik og aktivitetar i naturen
- formingsprosjekt ute og inne, med naturmateriale
- mata og stella dyra etter tur (grupper).
- hausta frukt og bær, dyrka poteter og grønsaker
- laga mat av råvarer frå naturen, gjerne på bål
- turar til dei ulike plassane i nærmiljøet: Lavvoplassen, Vikingplassen, Trollskogen, Soltoppen, Hakkebakkeskogen....
- Studera dyr, fuglar, insekt og plantar
- kjeldesortering, ha fokus på miljøvern, bærekraftig utvikling

## **BEREKRAFTIG UTVIKLING**

Berekraftig utvikling er ein del av verdigrunnlaget til rammeplanen og handlar om at me som lever i dag får dekka våre grunnleggjande behov utan å øydeleggja for komande generasjonar. Barnehagen har ei viktig oppgåve i å fremja verdiar, haldningar og praksis for meir bærekraftige samfunn. Barnehagen skal bidra til at borna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida. (Rpl. 2017).



<b>2023 – 24</b>	<b>Kva skjer i barnehagen</b>
<b>TEMA FOR PERIODEN:</b> «sånn er eg og sånn er det» Eit prosjekt om tilvenning, mangfald og vennskap.	
<b>August</b>	<p><b>Velkomen til barnehagen, både små og store!</b> Me ser fram til eit kjekt år med gode opplevelingar for alle; inne, ute, med dyra våre og rundt omkring i skog og mark.</p> <p><b>Me startar med tilvenningstid,</b> der me blir kjent med nye barn og foreldre, men og skifte av gruppe og personale for dei dette er aktuelt for.</p>
14.	Planleggingsdag, barnehagen er stengt
<b>September</b>	<p>Planleggingsdag, barnehagen er stengt</p> <p>SU-møte</p> <p>21. og 22. v.38 og 39 Foreldremøte, avdelingsvis</p> <p>Brannvern i fokus</p>
<b>Oktober</b>	<p>Skulen har haustferie, barnehagen har vanleg opningstid</p> <p>Mangfald, FN-dagen</p> <p>«Bollefest» i regi av FAU: Foreldre og besteforeldre er invitert</p> <p>Barnesamtalar startar</p> <p>Foreldresamtalar startar</p>
<b>TEMA FOR PERIODEN:</b> «lys og mørke» Eit prosjekt om lys i mørketida	
<b>November</b>	<p>3. Planleggingsdag, barnehagen er stengt</p>
<b>Desember</b>	<p>Nissegraut</p> <p>Juleferien startar for skulane</p> <p>Barnehagen har påmelding til 27. – 28. – 29. desember</p>
<b>Januar</b>	<p>2. Planleggingsdag, barnehagen er stengt</p>
<b>TEMA FOR PERIODEN:</b> «Klart eg kan!» Eit prosjekt om livsmeistring	
<b>Februar</b>	<p>3. Planleggingsdag, barnehagen er stengt</p> <p>6. Samefolkets dag</p> <p>15. Karneval</p> <p>26.2 - 1.3 Veke 9: Skulen har vinterferie, barnehagen har vanleg opningstid</p>
<b>Mars</b>	<p>25.-27. Påskeveka: måndag og tysdag vanleg opningstid. <b>Stengt onsdag, torsdag og fredag</b></p>
<b>TEMA FOR PERIODEN:</b> « Det spirer og gror» Eit prosjekt om alt som endrar seg om våren	
<b>April</b>	<p>2. påskedag, barnehagen stengt</p>
<b>Mai</b>	<p>10. Planleggingsdag, barnehagen er stengt</p> <p>16. Me markerer nasjonaldagen</p>
<b>TEMA FOR PERIODEN:</b> » Mangfald» Eit prosjekt om at du er god nok som du er.	
<b>Juni</b>	<p>Foreldremøte nye foreldre</p>
<b>Veke 23</b>	<p>Mangfaldsveke</p> <p>Siste skuledag før ferien</p>
<b>Juli</b>	<p>SOMMARFERIE! Sommarstengt barnehage 10.-28. juli 2024</p>